

Trehelse i plomme

Sprøyteforsøk og observasjon i enkelte felt er vidareført.

Forskningsrådet har gitt løyvingar til prosjektet «Betre Trehelse». Prosjektet er eigd av Fruktgården AS, har Oslofjorden frukt og bær som administrativt ansvarleg og NLR Viken er prosjektleiar. NIBIO utfører forskningsoppgåvene i lag med NLR. Prosjektet vert avslutta i 2022.

Utvikling i felt

I fleire felt er det følgt med på trehelsa i fleire sortar og alder av plommeplantingar over fleire sesongar. Det har vore spesielt fokus på sølvglans, bakteriekreft og bladflekkar. Resultata frå kartlegginga syner skilnadar mellom år, men i dei felta der det ikkje har vore fjerna sjuke tre har omfanget auka frå 2018 til 2021.

Sprøyteforsøk

Det er fleire sortar som får bladflekkar gjennom sesongen. Opphavet til flekkane er ukjent i mange tilfelle, men sannsynlegvis stammar dei frå bakteriekreft (*Pseudomonas*). I 2021 vart det prøvd sprøyting med Verno og Serenade mot bladflekkane. Sprøytinga er gjort ved fire tidspunkt frå avblomstring til seks veker etterpå. Det var lite bladflekkar i 2021 og ikkje skilnad mellom behandlingane i omfang.

Billeart i plommetre

Frukttresplintborer (*Scolytus rugulosus*) er en billeart i familien barkbiller og kan minne om lauvtreborkbille (*Anisandrus dispar*). Fruktsplintborer et under barken på sjuke eller svekka frukttre, men kan nokre gonger gå over på friske tre. I september var det tre med mange hol på stamma og dei var anten døde eller svært svekka.



Valor, september 2021. Bilde: Jorunn Børve, NIBIO.

Fruktsplintborer lagar mindre hull enn den andre billetypen. Ofte er det mange hull med kort avstand. Billene er rundare enn lauvtreborkbilla, men har elles svart sylinderaforma kropp og er 2,0-2,8 mm lang.



Kraftig angrep i 'Valour' plommetre av fruktsplintborrar. Larvene (lys kvit i bilde) lever mellom barken og veden.



Bilde: Gunnhild Jaastad, NIBIO. Vaksen bille frå plommetre.

Soppar på plommetre:

I arbeidet med sølvglans har det vorte funne fleire andre soppar på plommetrea i vårt område. Det vert undersøkt om dei har evne til å gå til angrep på friske tre eller om dei berre er soppar som er på tre som allereie er svekka. To døme er søskenfiolbeger og kløyvsopp, som begge kan finnast på mange lauvtreartar. Søskenfiolbeger har små lilla puter, medan kløyvsopp har kvite litt større fruktlekamar. Det var kløyvsopp på sterkt frostsvekka og daude tre i 2021, men soppen vart også vore funne i 2020.



Søskenfiolbeger på Reeves hausten 2021(Ascocoryne sarcoides). Det er i tillegg misfarga bark og truleg angrep av bakteriekreft.



Nærbilete av Søskenfiolbeger (Ascocoryne sarcoides). Foto: Lisa Karine Haugland, NIBIO.



Kløysopp (Shizophyllum commune) på sterkt svekka Valor-tre med angrep av splintborar i tillegg. Foto: Jorunn Børve, NIBIO.



Nærbilete av soppen. Foto: Lisa Karine Haugland, NIBIO



Bladflekke truleg forårsaka av bakteriekreft